

KVA SKAL ARBEIDSFOLK GJERA VED VALET?

Opprop frå Raud Valallianse Haugesund og Karmøy.

DEI FOLKEVALDE ORGANA- EIN BLØFF!

På ny er det val og på ny skal me måtte tåle synet av smilande politikarar som forsikrar oss om at ved å stemme på dei så vil alle problema våre bli løyste, frå bustadmangel til aukande straumprisar. Og nettopp dette gjer at vala sin funksjon eigentleg er retta mot folk i Norge. Hensikten er å få folk bort frå tankar om å føre kamp sjølve. Monopolkapitalen og staten hatar eit kampviljug folk - nettopp difor har dei innført vala for å avspore kampen til folket. Nytt av året er Fylkestingvalet. Med dette vonar dei at ein del av harmen frå folk skal bli retta mot fylkestinget og ikkje mot dei som står bak statsapparatet.

Fleire og fleire mistar i dag trua på at storting, fylkesting og kommunestyre har noko å seia i samfunnet. Folk ser at enten det er det eine eller det andre partiets sit ved roret, så blir det berre strødd sand på dei forverringstiltaka som stat og kapital står bak. Når f.d. arbeidsplassar blir lagt ned - som Bjelland i Kopervik, Norwegian Preserving og Condor i Haugesund - kan dei "folkevalde ingenting gjera.

DNA OG SV TROSS ALT?

Likevel tenkjer mange at det er trass alt betre med ei stemme til SV eller kanskje tilmed DNA enn til dei borgarlege. Dei siste åra har det gått opp for svært mange at "Arbeidarpartiet" fører ein arbeiderfindtleg politikk. Særleg blei dette avslørt i EEC -striden.

Kva så med SV? Etter at partiet blei stifta har det her i distriktet utmerka seg med å utrette ingenting for folk korkje i eller utafor kommunestyret. På Karmøy har det ikkje makta å ta klart standpunkt i handsaminga av den nye riksvegtraseen. Folkemeininga er klar, men SV er ikkje klar - dei må til å utreda. Skilnaden til dei borgerlege skrumpar inn. Og til slutt. Kva anna enn eit svært forederi mot folket

på Karmøy er SV si fremferd i ilandføringsaka der dei har forsøkt etter beste evne å leggje ned komiteen mot ilandføring på Karmøy. Og no står dei fram og er for ilandføring på Karmøy. Veit ikkje SV kva ilandføring på Karmøy vil føra med seg? SV får svara for sin borgarlege politikk, me andre får svara SV med boikott til valet.

RV: FOLK LA KJEMPA SJØL!

Raud Valallianse seier klart ifrå at makta i samfunnet ligg ikkje i kommunestyre og fylkesting, men hos dei nye fyrstane i Norsk Hydro, HAV, DNO, Bergens Privatbank, staten osv. Difor er det å gje arbeidsfolk illusjonar når dei borgarlege løftepartia frå SV til ALP seier at "stem på oss så skal du få det betre". Skal me få det betre er berre ein ting å gjera: Å ta tinga i våre eigne hender og tvinga storkapitalen til å gje etter. Aksjonane mot ilandføring av gass og olje på Karmøy og mot innfartsvegen til Haugesund og seinast skatte-streiken på Hitra synar vegen å gå. Så når Raud Valallianse stiller til val til fylkestinget er det pga. to ting. Det eine er å bruka fylkestingvalet som talarstol og det andre er å avsløre borgarleg hestehandel. I kommunane i Nord-Rogaland står RV idag ikkje sterkt nok til å stilla lister.

Ser me på dei listene som finns, er det ingen som står folket sin kamp heilt og fullt og bryt med lovnadspolitikken.

Vi meiner at arbeidsfolk bør boikotta kommunevalet.

FOR REVOLUSJON-MOT SUPERMAKTENE

Vi meiner folk berre i lite grad kan kontrollere si eiga utvikling i dag. RV går inn for at kapitalen og staten sitt herredømme over folket må avløysast av proletarietets diktatur - sosialismen. Det vil seie at arbeiderklassen har herredømmet over dei gamle finansyrstane og byråkratane. Eit slikt samfunn kan berre innførast ved at folket, med våpen i hand, tar makta i Norge. Historia viser utan unntak at eit folk utan våpen er eit forsvarsløst folk - dei siste døma på dette er Cile og India.

Stadig fleire ser at det er naudsynt med kamp mot begge supermaktene sine illgjerningar. Døma frå både USA og Sovjet er blitt mange. Raud Valallianse er det einaste partiet som ikkje kjen med feite løfte og valflesk, men seier klart at folket sin eigen kamp er det som dug for å sikre folkets kår og gjennomføre sosialismen. Difor: **STEM RAUD VALALLIANSE VED FYLKESTINGVALET - BOIKOTT KOMMUNEVAL T!**

INTERESSERT I MEIR MATERIELL -

KONTAKT OSS!

RAUD VALALLIANSE C/O BRITA EL

BOKS 3, Solvang 5501 Haugesund